




SANDNES KOMMUNE

Forsand skule

Plan for trygt og godt skulemiljø 2020-2021





Forsand skule

Plan for trygt og godt skulemiljø

Innhald

1. Forord	3
2. Førebyggjande arbeid og lovverket	4
2.1 §9a-1 Generelle krav	4
2.2 Opplæringslova §9a-2, retten til eit trygt og godt skulemiljø	4
2.3 Opplæringslova §9a-3, nulltoleranse og systematisk arbeid	4
2.4 Opplæringslova §9a-4, aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skulemiljø	4
2.5 Opplæringslova §9a-5, skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skolen, krenkjer ein elev	5
3. Skulemiljøarbeid	5
3.1 klasserommet	5
3.2 SFO og leksehjelp	5
4. Mobbesaker	6
4.1 Rutinar som kan avdekke at nokon bli mobba	6
4.2 Ansvar og meldeplikt	6
4.3 Prosedyrar i ei mobbesak	7
4.4 Rutinar for å sikre god dokumentasjon	8
5. Årshjul og Idébank for psykososialt miljø	9



1. Forord

Forsand skule arbeider kontinuerleg for å fremje eit trygt og godt miljø for elevane. Det psykososiale miljøet har ein innverknad på korleis barn og vaksne i skulen opplever kvardagen.

Målsetjinga er å styrke det sosiale miljøet og på den måten betre skulekvardagen. Dette skal gjerast ved miljøarbeid som skal sikre eit trygt og godt læringsmiljø til den einskilde elev.

Forsand skule sin visjon er:

Forsand skule – der læring og trivsel går hand i hand





2. Førebyggjande arbeid og lovverket

Elevane sitt skulemiljø slik det blir omtala i **opplæringslova kapittel 9a**.

2.1 §9a-1 Generelle krav

«Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring».

Hovudmålsetjingane er:

- Å redusere eksisterande vanskar med mobbing
- Å førebyggje mobbing og skape eit trygt og godt læringsmiljø for alle

2.2 Opplæringslova §9a-2, retten til eit trygt og godt skulemiljø.

«Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring».

Skulemiljø famnar både det fysiske og det psykososiale miljøet. Det er eleven si oppleving som er avgjerande for om eleven har det trygt og godt. Dette gjeld både i skulen, skulefritidsordninga og og leksehjelptilbod.

2.3 Opplæringslova §9a-3, nulltoleranse og systematisk arbeid.

«Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Skulen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitlet blir oppfylte. Rektor har ansvar at dette blir gjort».

Skulen driv eit systematisk førebyggjande arbeid. Det førebyggjande arbeidet består mellom anna av at det er felles reglar for alle på skulen, elevsamtalar kvart halvår, logg som elevane skriv i med jamne mellomrom, elevundersøking/foreldreundersøking kvar haust og elevråd. I årshjul og idébank for psykososialt miljø er ei oversikt over kva skulen jobbar med.

2.4 Opplæringslova §9a-4, aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skulemiljø.

«Alle som arbeider på skulen, skal følgje med på at elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg. Alle som arbeider på skulen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø...»

På Forsand skule har alle vaksne (uansett stilling) plikt til å varsle rektor ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Det er ei aktivitetsplikt i det elevar sjølve, føresette eller tilsette på skulen seier noko om at ein elev ikkje føler seg trygg. Kontaktlærar har plikt til å hente inn informasjon om saka. Rektor pliktar, innan 5 verkedagar, å utarbeide aktivitetsplan etter forvaltningslova. Føresette kan gå direkte til fylkesmannen om dei meiner at skulen ikkje tek i vare aktivitetsplikta.



2.5 Opplæringslova §9a-5, skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skulen, krenkjer ein elev.

«Dersom ein som arbeidar på skulen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeidar på skulen utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skuleeigaren. Dersom det er ein i leiinga ved skulen som står bak krenkinga, skal skuleeigaren varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga. Undersøking og tiltak etter §9a-4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks».

3. Skulemiljøarbeid

Forsand skule tek sikte på å øve opp ein brei sosial kompetanse og sosiale ferdigheiter. Miljøarbeidet er omfattande og grip inn i skulen sin kvardag, livet i klasseromma og elevflokket. Skulemiljøarbeidet pregar skulen som sosialt system. Lærarane har ikkje berre ansvar for undervisning, men og for det sosiale miljøet i klassen og på skulen.

Alle trinn skal minnst på reglar for positiv åtferd ved starten av kvart skuleår. Dette gjeld ordensreglar, klasseromsreglar og dei 10 standardane for godt skulemiljø. Reglane vert repeterte ved behov. Dei same reglane for åtferd gjeld for leksehjelp.

Skulen arbeider kontinuerleg for å betre rutinane ved handtering av uønska åtferd. Negativ åtferd på skulen som fører til konsekvens, skal registrerast. Skulen drøftar og utarbeider tiltak, og involverer føresette om uønska åtferd ikkje tek slutt. Moglege konsekvensar er forklara i ordensreglementet (sjå heimesida). Det kan også bli gjort avtale med føresette om konsekvensar.

3.1 klasserommet

I tillegg til fellesreglar, vil klasseromsreglar vere med på å redusere uønska åtferd i klasserommet. Alle trinn bruker tid på å arbeide med det psykososiale miljøet i klassen. (Sjå vedlegg)

3.2 SFO og leksehjelp

Elevar i SFO har eit eige reglement som er å finne på heimesida vår. Dei vaksne i SFO har ansvar å synleggjere og snakke med barna om desse reglane.

Elevar som tek i mot leksehjelp skal følgje dei same reglane som gjeld resten av skulen.





4. Mobbesaker

4.1 Rutinar som kan avdekke at nokon bli mobba

Kva	Når	Korleis	Ansvar
Utdanningdirektoratet si elevundersøking	Haust	Digitalt	Rektor, kontaktlærer, sosiallærer
Skule-heim samarbeid	Heile skuleåret	Transponder, telefon, foreldresamtalar	Kontaktlærer
Elevsamtalar	Kontinuerleg	Eine- og gruppesamtalar	Kontaktlærer, sosiallærer
Tett kontakt mellom tilsette og elevar	Ved behov, kontinuerleg	I det daglege arbeidet	Kontaktlærer, miljøarbeiderar, sosiallærer, helsesjukepleiar
Logg	Med jamne mellomrom	Digitalt	Kontaktlærer
God vaksendekning i friminutta	Heile skuleåret	Vaktplanar	Personalet og leiinga ved skulen
Sosiogram	Ved behov	Digitalt	Kontaktlærer, sosiallærer

4.2 Ansvar og meldeplikt

Kven	Når	Kva
Tilsette i skulen og kommunen	Kontinuerleg	<ul style="list-style-type: none"> • Ver vakne for signal som kan tyde på at elevar blir plaga og erta • Ver særleg merksam overfor elevar som ofte kjem i konflikt og elevar som går åleine • Plikt til å gripe inn og undersøkje saka når de blir merksam på elevar som blir plaga og erta • Melde frå til kontaktlærer og rektor ved mistanke om mobbing og/eller krenkjande åtferd
Elevar	Kontinuerleg	<ul style="list-style-type: none"> • Sei i frå til vaksen eller heime viss dei ser ein medelev bli plaga eller erta • Elevar som blir plaga/mobba blir oppmoda til å sei frå til kontaktlærer, heime eller annan trygg vaksen
Føresette	Kontinuerleg	<ul style="list-style-type: none"> • Blir oppmoda til å melde frå til skulen om mobbing, og til å gripe inn når dei ser barn bli utsett for uønska åtferd



4.3 Prosedyrar i ei mobbesak

Kva	Korleis	Kven
Informasjon til rektor	Munnleg/skriftleg	Kontaktlærer
Samtale med den som vert mobba	<ul style="list-style-type: none"> • Kartleggje • Støtte • Avtale oppfølging 	Kontaktlærer og/eller eventuelt andre som den utsette er trygg på
Informere føresette	Ved mistanke om mobbing skal føresette informerast så raskt som mogleg. Føresette skal bli sette inn i saka og få vite rutinar og gangen i arbeidet	Kontaktlærer
Innhente informasjon og dokumentasjon	Observasjon og samtalar	Alle tilsette, elevar og føresette. Kontaktlærer har overordna ansvar, men kan be sosiallærer om hjelp
Samtale med mobbar Viss fleire mobbarar er involverte, ha individuelle samtalar med desse. Mobbarane må ikkje få «samsnakkast» før samtalen	<ul style="list-style-type: none"> • Konfrontere mobbaren med alvoret i situasjonen • Ikkje gå i diskusjon • Få eleven til å ta avstand frå mobbinga • Få eleven til å forplikte seg til positiv åtferd overfor den utsette <p><i>Skriftleg notat i aktivitetsplanen!</i></p>	
Aktivitetsplan	<ul style="list-style-type: none"> • Kontaktlærer skriv ein aktivitetsplan. Denne skal vere påbegynt innan 5 verkedagar og godkjennast av rektor. Aktivitetsplanen skal informera om saka og kva tiltak som blir sette i gong • Den utsette og føresette skal informerast 	Kontaktlærer, rektor og eventuelt sosiallærer
Evaluering	Det skal stå på aktivitetsplanen når den skal evaluerast. Då skal føresette og den utsette kallast inn til evalueringsmøte eller telefonmøte. Det er viktig at barnet sin stemme kjem fram.	Kontaktlærer, eventuelt sosiallærer eller rektor
HUGS: Alt må dokumenterast og loggførast med dato i aktivitetsplanen i elevmappa i Office 360		




4.4 Rutinar for å sikre god dokumentasjon

Kvar mobbesak skal dokumenterast med ein aktivitetsplan. Kva saka gjeld, kva som er gjort, kva som er gjort for å følgje med, samtalar og tiltak skal skrivast inn i planen.

Rektor er ansvarleg for at prosedyrane blir kjent og brukt av dei tilsette i skulen.

Forsand skule 07.09.2020





5. Årshjul og Idébank for psykososialt miljø

1. – 4. klasse småskulen

1. Klasse	Ansvar	Når
Samling – La elevane få formidle tankar og opplevingar til kvarandre. Dette er også arena for påminning om reglar og rutinar, og me tek opp ting som har skjedd.	Kontaktlærer	Fleire gonger i veka
Fadderordning	Kontaktlærer i 1. og 6. klasse	Skulestart
Tur i lokalmiljø	Kontaktlærer	Ein gong i månaden
Definisjon av mobbing og omgrepsavklaring mobbing/erting	Kontaktlærer	Noko etter skulestart
Sosiale mål på vekeplanen	Kontaktlærer	Kvar veke
Klassereglar. Fokus på korleis me skal vere mot kvarandre	Kontaktlærer	Skulestart og repetisjon
Sosialt samvær	Føresette	Haust og vår
Vennegruppe (frivillig)	Føresette	Når det passar
2. Klasse	Ansvar	Når
Samling – La elevane få formidle tankar og opplevingar til kvarandre. Dette er også arena for påminning om reglar og rutinar, og me tek opp ting som har skjedd.	Kontaktlærer	Fleire gonger i veka
Definisjon av mobbing og begrepsavklaring mobbing/erting	Kontaktlærer	Noko etter skulestart
Sosiale mål på vekeplanen	Kontaktlærer	Kvar veke
Klassereglar. Fokus på korleis me skal vere mot kvarandre	Kontaktlærer	Skulestart og repetisjon
Sosialt samvær	Føresette	Haust og vår
Vennegruppe (frivillig)	Føresette	Når det passar
3. Klasse	Ansvar	Når
Definisjon av mobbing og omgrepsavklaring mobbing/erting	Kontaktlærer	Noko etter skulestart
Elevsamtale med «skolegårdsundersøkelse»	Kontaktlærer	2 gonger i året
Sosiale mål på vekeplanen	Kontaktlærer	Kvar veke
Klassereglar. Fokus på korleis me skal vere mot kvarandre	Kontaktlærer	Skulestart og repetisjon
Sosialt samvær	Føresette	Haust og vår
Vennegruppe (frivillig)	Føresette	Når det passar



4. Klasse	Ansvar	Når
Definisjon av mobbing og omgrepsavklaring mobbing/erting	Kontaktlærer	Noko etter skulestart
Elevsamtale	Kontaktlærer	2 gonger i året
Sosiale mål på vekeplanen	Kontaktlærer	Kvar veke
Klassereglar. Fokus på korleis me skal vere mot kvarandre	Kontaktlærer	Skulestart og repetisjon
Sosialt samvær	Føresette	Haust og vår
Vennegruppe (frivillig)	Føresette	Når det passar
Felles aktivitetar på tvers av trinna	Ansvar	Når
Fellestur	Avdelinga	Haust
Fellessamlingar	Avdelinga	1 gong pr. månad
Juletur	Avdelinga	Desember
Aktivitetsdag for 1. – 3. trinn	4. trinn	Vår
Matematikkens dag	Avdelinga	Vår
Elevråd	Kontaktlærer og sosiallærer	Kvar månad
Dag for psykisk helse	Sosiallærer og avdeling	Oktober

Idébank for å fremje psykososialt miljø i småskulen	Ansvar	Når
	Kontaktlærer, faglærer eller assistent.	
<p>Dette er idear til opplegg som kan passe ulike tema og som bør brukast ulikt med jamne mellomrom.</p> <p><i>Det er mitt val 1 (2 i fjerde klasse) – oppgåver til sosial kompetanse til grupper eller enkeltelevar.</i></p> <p><i>Youth Quick Play – praktiske oppgåver som famnar samarbeid, relasjonar, kreativitet, problemløysing, kommunikasjon osv.</i></p> <p><i>Steg for steg – oppgåver basert på bilete av ulike følelsar</i></p> <p><i>«Huset» - har tema som miljøbevisst, skapande emne, sosial tilpassing, inkluderande, fagleg meistring, omsorg, toleranse og hjelpsam.</i></p> <p><i>«Hei» spelet – Eit Brettspel som hjelper elevar til å uttrykkje følelsar, tørre å snakke om følelsar, kjenne att følelsar. Kan spelast i små grupper eller med berre ein elev og vaksen.</i></p> <p><i>Nettsider:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - http://web2.gyldendal.no/salaby/amnesty/ - http://uni.no/nb/uni-helse/rkbu-vest/filmer-1/ - http://nrksuper.no/serie/vaere-venner/MSUI21004211/sesong-1/episode-1 - www.reddbarna.no - www.barneombudet.no 		



<ul style="list-style-type: none">- http://nrksuper.no/super/blog/se-film-om-mobbing-alene-mot-alt/ (4. klasse)- https://tv.nrk.no/serie/eglemegle- http://tv.nrksuper.no/serie/min-venn-marlon- https://www.cactusnettverk.no/pedagogiske-videoermateriell/- «Være venner» på nrk.super <p>http://www.laringsmiljosenteret.uis.no/skole/mobbing/filmer</p>	
<i>Mobberingen – Må tilpassast etter alder</i>	
<i>Songar – «Stopp! Ikkje mobb!»</i>	
<i>Litteratur som fremjar haldningar mot mobbing</i>	
<i>Vold og seksuelle overgrep mot barn:</i> <ul style="list-style-type: none">- http://jegvilvite.no/- https://www.reddbarna.no/jegerher/verktoy/historier-fra-virkeligheten- http://brisenter.org/fagstoff/undervisningsopplegget-du-kan-snakke-med-meg <p>http://brisenter.org/fagstoff/undervisningsopplegget-du-kan-snakke-med-meg (undervisningsmaterieil)</p>	



5. – 7. klasse mellomtrinnet

5. Klasse	Ansvar	Når
Klassemøte	Kontaktlærer	Minimum ein gong i månaden
Individuelle samtalar	Kontaktlærer eventuelt sosiallærer	Etter behov
Elevsamtale	Kontaktlærer	2 gonger pr. år
Sosiale mål på vekeplan	Kontaktlærer	Kvar veke
Logg	Kontaktlærer	Jamleg
Leirskule til Bolten	Kontaktlærer	Vår
Hemmeleg ven (bør bli vurdert ut i frå storleik på klasse)	Kontaktlærer eller BUA	To periodar pr. år
Tema frå «Det er mitt val» eller frå idébank	Kontaktlærer	Som bolkar, fleire gonger i året
Nettvett	Kontaktlærer	Haut og ved behov
Definisjon av mobbing og omgrepsavklaring mobbing/erting	Kontaktlærer	Haut og repetisjon
Gjennomgang av felles standardar	Kontaktlærer	Haut og Vår
Sosialt samvær	Føresette	Haut og vår
Vennegrupper (frivillig)	Føresette	Når det passar
Elevundersøkinga	Kontaktlærer	Haut og vår
6. Klasse	Ansvar	Når
Klassemøte	Kontaktlærer	Minimum ein gong i månaden
Individuelle samtalar	Kontaktlærer eventuelt sos.lærer	Etter behov
Elevsamtale	Kontaktlærer	2 gonger pr. år
Fadderordning	Kontaktlærer 1. og 6. klasse	Skulestart
Sosiale mål på vekeplan	Kontaktlærer	Kvar veke
Definisjon av mobbing og omgrepsavklaring mobbing/erting	Kontaktlærer	Haut og repetisjon
Gjennomgang av felles standardar	Kontaktlærer	Haut og Vår
Logg	Kontaktlærer	Jamleg
Hemmeleg ven (bør bli vurdert ut i frå storleik på klasse)	Kontaktlærer eller BUA	To periodar pr. år
Leirskule til Bakken	Kontaktlærer	Vår
Nettvett	Kontaktlærer	Haut og ved behov



Tema frå «Det er mitt val» eller idébank	Kontaktlærer	Som bolkar, fleire gonger i året
Film + opplegg om mobbing: «Lekende lett»	Kontaktlærer	Haust
Sosialt samvær	Føresette	Haust og vår
Elevundersøkinga	Kontaktlærer	Haust og vår
7. Klasse	Ansvar	Når
Klassemøte	Kontaktlærer	Minimum ein gong i månaden
Individuelle samtalar	Kontaktlærer eventuelt sosiallærer	Etter behov
Elevsamtale	Kontaktlærer	2 gonger pr. år
Sosiale mål på vekeplan	Kontaktlærer	Kvar veke
Definisjon av mobbing og omgrepsavklaring mobbing/erting	Kontaktlærer	Haust og repetisjon
Gjennomgang av felles standardar	Kontaktlærer	Haust og vår
Logg	Kontaktlærer	Jamleg
Hemmeleg ven (bør bli vurdert ut i frå storleik på klasse)	Kontaktlærer eller BUA	To periodar pr. år
Leirskule til Gullingen	Kontaktlærer	Vår
Film + opplegg om mobbing: Barnevakten sine filmar om digital mobbing	Kontaktlærer	Haust
Nettvett	Kontaktlærer	Haust
Tema frå «Det er mitt val» eller idébank	Kontaktlærer	Som bolkar, fleire gonger i året
Sosial kveld	Føresette	Haust og vår
Politiet kjem og snakkar om nettvett og rus	Administrasjon	Haust
Elevundersøkinga	Kontaktlærer	Haust og vår
Dembra	Kontaktlærer og faglærarar	Jamleg
Felles aktiviteter på tvers av trinna	Ansvar	Når
Fellestur	Avdelinga	Haust
Fellesaktivitetar før jul og sommar	Avdelinga	Haust og vår
Matematikkens dag	Avdelinga	Vår
Karneval	Avdelinga	Siste dag før vinterferien
Elevråd	Kontaktlærer og sosiallærer	Ein gong pr. måned
Dag for psykisk helse	Sosiallærer og avdeling	Oktober



Idébank for å fremje psykososialt miljø på mellomtrinnet Dette er idear til opplegg som kan passe ulike tema og som bør brukast ulikt med jamne mellomrom.	Ansvar	Når
<i>Det er mitt val 2</i> – oppgåver om sosial kompetanse til grupper eller enkeltelevar	Kontaktlærer, faglærer eller assistent.	
<i>Youth Quick Play</i> – Praktiske oppgåver som famnar samarbeid, relasjonar, kreativitet, problemløysing, kommunikasjon etc.		
«Hei» spelet – Eit brettspel som hjelper elevar til å uttrykkje følelsar, tørre å snakke om følelsar, kjenne att følelsar. Kan spelast i små grupper eller med berre ein elev og vaksen.		
Nettsider: <ul style="list-style-type: none">- http://web2.gyldendal.no/salaby/amnesty/- http://uni.no/nb/uni-helse/rkbu-vest/filmer-1/- http://nrksuper.no/serie/vaere-venner/MSUI21004211/sesong-1/episode-1- www.youtube.com Musikkvideoar med ulike budskap som kan diskuterast i klassane.- www.reddbarna.no- https://www.ung.no/mobbing/- www.barneombudet.no- https://www.hjelptilhjelp.no/filmer/filmer-om-mobbing-og-atferdsvansker- http://nrksuper.no/super/blog/se-film-om-mobbing-alene-mot-alt/- https://www.cactusnettverk.no/pedagogiske-videoermateriell/		
Mobberingen: Må tilpassast etter alder		
Nettvett: <ul style="list-style-type: none">- https://www.medietilsynet.no/barn-og-medier/nettmobbing/#anchor_5863- https://brukhue.com/- http://www.dubestemmer.no/filmer?field_alderstrinn_til_video_tid=All&field_tema_til_video_target_id=59%7C60&field_teksting_tid=All		
Vold og seksuelle overgrep: <ul style="list-style-type: none">- https://www.reddbarna.no/jegerher/verktoy/historier-fra-virkeligheten- http://brisenter.org/fagstoff/undervisningsopplegget-du-kan-snakke-med-meg (undervisningsopplegg)		



8. – 10. klasse Ungdomstrinnet

8. klasse	Ansvar	Når
Klassemøte om mobberelaterte tema	Kontaktlærer	Minimum ein gong i månaden
Elevsamtalar	Kontaktlærer	2 gonger pr. år
Definisjon av mobbing og omgrepsavklaring mobbing/erting	Kontaktlærer	Haust og vår
Film eller tekst med oppgåver (mobberelatert)	Kontaktlærer	Haust/vinter
Mobbесirkelen	Kontaktlærer	Haust og vår
Individuelle samtalar	Kontaktlærer eventuelt sosiallærer	Etter behov
Gjennomgang av felles standardar	Kontaktlærer	Haust og vår
Logg	kontaktlærer	Omtrent ein gong pr. mnd.
Nettvett	Kontaktlærer	Haust
Politiet kjem og snakkar om nettvett og rus	Administrasjon	Haust
Telttur Vinddalen - Flørli	Kontaktlærer	Anna-kvart år
Sosial kveld	Føresette	Haust og vår
Elevundersøkinga	Kontaktlærer	Haust og vår
9. Klasse	Ansvar	Når
Klassemøte om mobberelaterte tema	Kontaktlærer	Minimum ein gong i månaden
Elevsamtale	Kontaktlærer	2 gonger pr. år
Definisjon av mobbing og omgrepsavklaring mobbing/erting	Kontaktlærer	Haust og vår
Film eller tekst med oppgåver (mobberelatert)	Kontaktlærer	Haust/vinter
Mobbесirkelen	Kontaktlærer	Haust og vår
Individuelle samtalar	Kontaktlærer eventuelt sosiallærer	Etter behov
Gjennomgang av felles standard	Kontaktlærer	Haust og vår
Logg	kontaktlærer	Annakvar veke
Nettvett	Kontaktlærer	Haust



Politiet kjem og snakkar om nettvett og rus	Administrasjon	Haust
Dugnadsarbeid til 10.-klasseturen	Føresette	Haust og vår
Telttur Vinddalen - Flørli	Kontaktlærer	Anna-kvart år
Elevundersøkinga	Kontaktlærer	Haust og vår
10. Klasse	Ansvar	Når
Klassemøte om mobberelaterte tema	Kontaktlærer	Minimum ein gong i månaden
Elevsamtale	Kontaktlærer	2 gonger pr. år
Film eller tekst med oppgåver (mobberelatert)	Kontaktlærer	Haust/vinter
Mobbesirkelen	Kontaktlærer	Haust og vår
Individuelle samtalar	Kontaktlærer eventuelt sosiallærer	Etter behov
Gjennomgang av felles standardar	kontaktlærer	Haust og vår
Logg	Kontaktlærer	Annakvar veke
Nettvett	Kontaktlærer	Haust
Politiet kjem og snakkar om nettvett og rus	Administrasjon	Haust
Sosial kveld før vinterferien	Føresette	Vinter
Klassetur	Føresette	Haust
Elevundersøkinga	Kontaktlærer	Haust og vår
Fellesaktivitetar på tvers av trinna	Ansvar	Når
Fellestur	Avdelinga	Haust
Sosial kveld før jul	Avdelinga	Desember
Elevråd	Kontaktlærer og sosiallærer	Ein gong pr. måned
Dag for psykisk helse	Sosiallærer og avdeling	Oktober

Idébank for å fremje psykososialt miljø på ungdomstrinnet Dette er idear til opplegg som kan passe ulike tema og som bør brukast ulikt med jamne mellomrom.	Ansvar	Når
	Kontaktlærer, faglærer eller assistent.	
<i>Det er mitt val 3</i> – oppgåver til sosial kompetanse for grupper eller enkeltelevar		
<i>Youth Quick Play</i> – Praktiske oppgåver som famnar samarbeid, relasjonar, kreativitet, problemløysing, kommunikasjon etc.		



<p>«Hei» spelet – Eit brettspel som hjelper elevar til å uttrykkje følelsar, tørre å snakke om følelsar, kjenne att følelsar. Kan spelast i små grupper eller med berre ein elev og vaksen.</p>	
<p>Nettsider:</p> <ul style="list-style-type: none">- http://web2.gyldendal.no/salaby/amnesty/- http://uni.no/nb/uni-helse/rkbu-vest/filmer-1/- http://nrksuper.no/serie/vaere-venner/MSUI21004211/sesong-1/episode-1- www.youtube.com Musikkvideoar med ulike budskap som kan diskuterast i klassane.- www.reddbarna.no- https://www.sommerfugleeffekten.no/undervisningsrommet- https://www.ung.no/mobbing/- www.barneombudet.no- https://www.hjelptilhjelp.no/filmer/filmer-om-mobbing-og-atferdsvansker- https://www.cactusnettverk.no/pedagogiske-videoermateriell/	
<p>Nettvett:</p> <ul style="list-style-type: none">- https://www.medietilsynet.no/barn-og-medier/nettmobbing/#anchor_5863- https://brukhue.com/- http://www.dubestemmer.no/filmer?field_alderstrinn_til_video_tid=All&field_tema_til_video_target_id=59%7C60&field_teksting_tid=All	
<p>Vold og seksuelle overgrep:</p> <ul style="list-style-type: none">- https://www.reddbarna.no/jegerher/verktoy/historier-fra-virkeligheten- http://brisenter.org/fagstoff/undervisningsopplegget-du-kan-snakke-med-meg (undervisningsmateriell)	
<p>Psykisk helse: «Alle har en psykisk helse» - Perm med prosjektarbeid delt inn i 8., 9. og 10. klasse</p>	
<p>Rasisme, fordommar, m.m.</p> <ul style="list-style-type: none">- http://dembra.no/laeringsressurser/	



1. – 10. klasse Heile skulen

1. – 10. klasse	Ansvar	Når
Skulefest	Alle avdelingar og leiinga	Annankvar vår
Psykisk helsedag	Sosiallærar	Kvart år, oktober